SPRÅKLIG SAMLING

NR. 1

MARS

1968

9. ÅRGANG

GITT UT AV LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Vegen fram til ett norsk.
Omtale av "Språklig Samlings"
nyeste småskrift ..... side 9

KAPELLMESTEREN,
Novelle av T. M. ..... side 11

Språkstrid i perspektiv - - - -
av Lars S. Vikør ..... side 5

Ny lærebok i norsk språkhistorie
av Egil Røssaak ..... side 2

Ny lærebok i norsk språkhistorie

Av Egil Røssaak

I motsetning til representanter for Riksmålsforbundet, som later til å betrakte vitenskapelig prega språkhistoriske oversikter med mistro, og ber folk i stedet lese de bøkene riksmålsfolk har skrevet, ser vi samnorsktilhengere det slik at enhver form for saklig og nøktern opplysning om språklige forhold vil gagne vår sak. Derfor må vi hilse alle nye objektive framstillinger av norske språkforhold med forventning.

Jeg har fått i hendene ei bok av universitetslektor Erling Georg Larsen: «Norsk språkutvikling» (Akademisk Forlag, København, 1967, 74 sider), skrevet til bruk for morsmålsstudenter ved universitetene i Danmark. På ca. 50 sider gis det ei språkhistorisk oversikt, der hovedvekta er lagt på det 19. og 20. århundre, og resten av boka gir ei framstilling av grammatikken i bokmål og nynorsk. Språket i boka holdes innenfor læreboknormalens ramme, stort sett med moderate former, men preteritumforma «blei» er gjennomført.

Vi skal se litt på enkelte ting som kan ha særlig interesse for samnorsktilhengere:

Etter omtalen av urnordisk og gammelnorsk viser forfatteren hvordan dansk skriftspråk etter hvert fortrengte norsk i mellomnorsk tid — et faktum som enkelte riksmålstilhengere pussig nok har vanskelig for fullt ut å ville godta. De historiske forhold som ga dansk ei stadig sterkere stilling også i talemålet, berøres, og de språklige tilhøva etter 1814 belyses ganske grundig. Her slås det fast — hva de fleste vet — at i den første tida etter 1814 vokste de to gruppene i Norge som i forvegen var dansktalende. Samtidig kom flere og flere, særlig i mellomklassen i byene, til å lempe talen sin etter det talemålet som hadde fått prestisjen i Norge.

Utviklinga videre framover kjenner vi alle, fra vanlige språkhistorier og fra vårt nyeste småskrift («Vegen fram til ett norsk»). Men det kan være verdt å merke seg et par ting: Skolerettskrivninga i 1893 innførte valgfrie former — former som elevene skulle ha lov til å bruke i skritlige arbeid, og som de også møtte i leseboka, men som bare i en viss utstrekning blei brukt utenfor skolen. Det svarer altså i høy grad til dagens situasjon, og motstanden mot dette kom fra tilsvarende hold: Bjørnson — den gamle språkradikaler — blei som gammel mann formann i Riksmålsforbundet og skreiv i 1900 mot forslag til rettskrivningsreform: «Lad os i Retskrivningen holde Lag med Danskerne saa længe og saa langt som mulig.» Og professor Storm angrep «nystaverne» «fordi de ville bruke skolen som middel for å få gjennomført en ny språkform». Det er som å høre J. B. Hjort!

Jeg må ikke nå oppfattes dit hen at jeg vil hevde at Larsens bok er et agitasjonsskrift for Språklig Samling i den forstand at utvalget av språkhistoriske opplysninger er tendensiøst. Riksmålsfolk vil kunne finne enkelte av de ting som de på en eller annen måte bruker som grunnlag for sin agitasjon. F. eks. vil de med glede kunne konstatere at Larsen gir preterium på — et av svake verb gamle aner i norsk riksmål.

Nåvel, vi samnorsktilhengere kunne naturligvis ha ønsket at forfatteren av og til hadde lagt større vekt på ting som *vi* meiner er av betydning for forståelsen av dagens språksituasjon. Dette gjelder bl. a. når han forteller at det etter 1917 blei utgitt få lærebøker med radikale former, slik at disse formene vanskelig kunne gjennomføres i skolene utover landet, på tross av at det mange steder var ønske om det. Han unnlater der å opplyse om at grunnen var at lærebokutgiverne retter seg etter hovedstaden, som brukte konservative former. (Delvis gjør han forresten dette godt igjen ved omtalen av Oslo-vedtaket i 1939.)

Omtalen av nazi-rettskrivninga er vill-leiende. Den var jo i røynda et tilbakeskritt til konservative former, men Larsen nevner bare to radikale former som «karakteristiske former i bokmål». (Den eventuelle betydning folks sabotering av de få radikale formene i nazi-rettskrivninga kan ha hatt for enkeltes stilling til 1938-rettskrivninga etter krigen, berøres ikke i det heile, men det er vel mulig at her kan være en viss sammenheng.)

Når det gjelder forfatterens vurdering av den nåværende språksituasjon, kan vi kanskje sette et spørsmålstegn ved hans ord om at norsk språkstrid i dag i første rekke er «en kamp for og imot *samnorsk*». Ser man på «Fri-

Se side 4

SPRÅKLIG SAMLING
Redaktør: Knut Kvigne, Nedre Kalbakkvei 2 D,
Oslo. Tlf. 25.19.74.

Samlenormalen

Fra tid til anna hører vi spørsmål om hvorfor «Språklig Samling» gikk til det steget å arbeide ut en samlenormal.

Vi har jo nok av «normaler» før, blir det sagt, om vi ikke skal ha enda én å dras med.

Det er så sant — så sant. Og det er nettopp det «Språklig Samling» vil at vi skal komme fram til en eneste normal i norsk.

Med andre ord: til sjuende og sist *må* det bli utarbeidd *en* normal til bruk i skole og offentlig teneste når vi kommer så langt.

«Språklig Samlings» samlenormal er ikke noen *offisiell* normal, og de som har arbeidd den ut, og godtatt den har aldri tenkt seg at normalen skal ha noe slikt stempel.

Den er rett og slett ei rettleiing for dem som ønsker å syne i sine private arbeid at vi trenger ikke meir enn *en* normal. At det lar seg lett gjøre å skrive et samnorsk.

Framleis er målstriden her i landet ikke komme lenger enn at vi kan finne uttrykk som «skamnorsk» i seriøse blad. Det er *da* ikke meir enn rett og rimelig at folk får se hvordan en «skamnorsk» er.

——

Vi har merka interesse blant skoleungdom for dette tiltaket. Den kjenner trykket av to normaler daglig i sitt arbeid, og kravet om å få slutt på denne byrden vokser.

Egentlig har målstrevet fra begge kanter i det siste hundreåret sikta mot *en* normal. Knud A. Knudsen f. e. meinte at omkring 1950 skulle språkrøkten her i landet ha nådd så langt.

I staden opplever vi at både riksmålsfolk og nynorskfolk holder beinhardt på eigne former der det ikke fins grunn til det.

Det er nemlig like stor grunn til å klage over at mange på nynorskhald tviholder på «no» som riksmålsfolk vil ha «nu» innatt i normalen.

Hva skal det tene til når «*nå*» forlengst hadde slått igjennom?

Ikke anna enn til spissfindig språkkløyving videre.

Det er lett å merke at dette trykket bryter igjennom, f. e. i kringkastinga etter «sne-dommen.» Det er blitt «fint» å si både «nu» og «sne» hos dem som ikke har meir vektige synspunkt å legge i språkbruken.

Sjøl i Stortinget finner vi talsmenn som konsekvent brukte nå før; i dag er de gått over til «nu».

Det er tydelig at noen føler seg styrka av Vogt-komiteens innstilling.

Skulle det ikke være på tide å rope et varsko mot dette brottet i en hundre år gammel tradisjon i norsk språkutvikling, med et så velgrunna dokument som viser at en eneste normal i landet er ikke noe som ligger langt borte. Og så skulle en stoppe opp like på terskelen?

Vi har aldri gjort oss tanker om at vårt utkast til samlenormal (for det er bare et utkast) skal bli framtidas. Andre instanser må arbeide med det. Men ei tid med språkreaksjonære tendenser trenger å bli minna om *målet* for arbeidet.

——

Det nyttar ikkje å
driva ein organisasjon
utan pengar.

Heller ikkje
SPRÅKLIG SAMLING

Vi trekker store
vekslar på arbeids-
krafta til noen få.

**Det vil lette om vi og
har litt pengar å hjelpe
oss med.**

Ny lærebok — —

Over fra side 2

sprogs» jubel hver gang en skolekrets går over fra nynorsk til bokmål, og riksmålsfolks betegnelser «nynorskgloser» og «landsmålsformer» om nesten alle ord og bøyningsformer som har et visst særnorsk preg, kan man begynne å lure. Og den *sosiale prestisje* («snob value») det konservative bokmålet faktisk har (noe som dets tilhengere også arbeider bevisst for å forsterke) burde absolutt vært nevnt i dette kapitlet.

Men til slutt vil jeg — sammen med ei anbefaling av skriftet — (som for øvrig så vidt nevner vår samlenormal i en kort omtale av organisasjonen) — få sitere følgende visdomsord: «Språkforholdene i Norge er i alle tilfeller slik at det ikke er noen språklig nødvendighet med to skriftspråk.»

Nynorskens framtid

Kravet på eitt norsk riksmål som kan samle heile folket, vil sikkert auke på nå frametter, og det spørs da kven av dei to frontane som har sterkast livsvokster i seg. Fleirtalet av det norske folket talar i dag ei blanding av begge mål, og dei fleste gjer det med godt samvett. Det hjelper ikkje kva dei har lært om rett og rangt på skolen, talemålet veks fram på det enkle kravet å bli forstått med dei mest funksjonelle ord og vendingar. «Korrekt» bokmål og «korrekt» nynorsk talar bare dei bok- og skolelærte. Det var mye sant i det eldstemann på landsmøtet i Noregs Mållag, den 87 år gamle hallingdølen Torgeir Rimeslåtten, sa i ein samtale med Norsk Tidend: «Å snakke med ein målmann er som å snakke med ein utgammal mann. Dei er for gamle og stivbeinte.»

Denne utsegna burde gje dei «stivbeinte» litt å tenke på når det gjeld framtida. Det veikaste punkt i nemndtilrådinga er etter mi meining at ho ikkje har tatt standpunkt til det «tredje alternativ», det som Språklig Samling er gått inn for. Er programmet til denne nynorskfolka uvedkomande? — Det er i fall ikkje klok politikk.

Ein kan vel i dag slå fast at begge våre to riksmål står på sviktande grunn i forhold til Ola Nordmanns daglege talemål. Og at dei ortodokse på begge frontar representerer stillstand og bakstrev. Sanninga er nok at begge mål er i rivande utvikling, og at grensene mellom dei blir stadig meir diffuse i omgangslivet. Når somme nynorske medarbeidarar i radio og fjernsyn har tillatt seg å nytte ei målføring som dei til dagleg nyttar privat, så er desse jamt blitt møtt med ukvemsord av dei heilnorske som krev at den gamle skigarden skal haldast i akt og ære. Eg tykkjer at dei som fristar seg med brubygging mellom frontane burde få takk og lovord som djerve foregangsmenn for eit levande norsk språk alle nordmenn kan kjenne seg heime i.

(Magister Olav Dalgard om «Målreising 1967» i Arbeiderbladet.)

Konsolidering eller ny ekspansjon?

Av Magne Aksnes

Vi veit alle at det gikk for seg ein hard og beisk strid blant målfolk i femtiåra, før dei endelig greidde å kaste det gamle, konservative styret i Noregs Mållag i 1957 .Eg må vedgå at det er meir enn bittert at vi nå, et lite tiår seinare, skal måtte oppleve at ei nemnd, nedsett av det samme mållaget, kjem med framlegg som atter kan komme til å bringe laget i utakt med språkutviklinga i landet. Ein må uvilkårlig spørre kva det er som har skjedd i desse åra som kunne rettferdiggjøre ei slik kuvending.

Ja, vi har jo fått læreboknormalen av 1959, der nynorsken tøydde seg lenger enn bokmålet gjorde. Men kva ser vi? Så å si alle dei tilnærmingsformene som kom inn i nynorsknormalen, er alt for lenge sia tatt i bruk av målfolk flest, i alle høve blant den yngre garden. Det har vist seg atskillig vanskeligare å få dei radikale bokmålsformene til å gli inn. Skulle dette være noen grunn til å gå bort frå tilnærmingslina? Tvert imot! Det viser jo bare at behovet for tilnærming for tida er størst på nynorsksida, noe mindre blant bokmålsfolk.

Taktisk sett er dette sjølsagt ein lite ønskelig situasjon for målfolket, men ein gjør nok her som i andre forhold best i å innrette seg etter tendensane i tida, og dei går altså nynorsken imot. Dvs. dei går *ikkje* nynorsken imot dersom ein tar konsekvensen av utviklinga og moderniserer nynorskrettskrivinga i takt med dei nye språkvanane som vi ser er i ferd med å skape ein temmelig einsarta talenorm over heile landet. Og denne utjamninga går nok fortare enn noen av oss aner. Men ei slik nød-

vendig justering av rettskrivinga vil altså Noregs Mållag komme til å sette seg imot, viss denne tilrådinga blir vedtatt. Og det er det vel dessverre stor fare for, slik stemningen ser ut til å være blant leiande målfolk for tida.

Stort sett kan ein vel si at nynorsken av i dag er et ledig og moderne, skriftmål, fullt tenlig for dei fleste av dei relativt få som bruker det konsekvent. Men dette er ikkje nok. Det er vel alvorlig meint når nemnda taler om å nå ut til nye folkegrupper, etter kvart som landet nå blir omdanna til et bysamfunn? (Åtti prosent av alle nordmenn vil være byfolk i året 2000.) Eller skal nynorsken atter bli redusert til et mål for vestlendingar, slik han var det heilt opp til siste krig?

Ein blir nøydd til å stille slike spørsmål når nemnda i ett øyeblikk snakker om å gjøre nynorsk til bynorsk, for så i neste øyeblikk å gå inn for konsolidering. Dette er da heilt meiningslaust! Skal nynorsken i det heile ha sjanse til å trenge inn og få fotfeste i byar og tettbygder, må ein jo ta meir omsyn til talemålet blant folket som bur i desse områda. Og dei aller fleste taler et mål som ligger mye nærmare radikalt bokmål enn nynorsk. Skal dette bli realistisk politikk, er det vel da ingen annen utveg enn å ta opp i nynorsken mange av dei mest utbreidde bokmålsformene, om dette aldri så mye betyr ei vidare tilnærming til bokmålet generelt. Det blir ellers ikkje her tale om ei *programmatisk* tilnærming til bokmålet, men om *ei tilnærming ut frå nynorskens eigne behov.*

Vi ser såleis at ei radikalisering av nynorsknormalen vil tvinge seg fram av fleire grunnar: For å hindre stagnasjon i ein tidbolk prega av store strukturelle brigde og språklige utjamningstendensar, og for å gjøre ny ekspansjon mulig. Det er like godt å forsone seg med det først som sist: Et skriftmål som skal ha framtida for seg, må også ta omsyn til et talemål som delvis retter seg etter det skrevne bokmålet. Det er på tide at vi kvitter oss med danskekomplekset og erkjenner at bokmålet er norsk mål det og. Ett er iallfall sikkert: Skal nynorsken overleve og ekspandere, må han bygge på et breiare talemålsgrunnlag enn han gjør i dag.

Konsolideringslina kan aldri føre til framgang for nynorsk mål. Det fører i beste fall til stillstand, og det er det samme som tilbakegang og isolasjon. Nei, skal nynorsk og radikalt mål i det heile få noen ny framgang som monner, må vi satse på ekspansjonslina på ein ganske annen måte enn før. Dette bør etter mitt syn føre til ei sameining av det beste i nynorsken og i det radikale bokmålet, slik at alle språkradikale krefter i landet kan samle seg i kampen mot vår felles motstander — riksmålet.

Språkstrid i perspektiv

Av LARS S. VIKØR

«Kontor og kontrast. Ti essays om språk og kultur.» Redigert av Sigurd Skirbekk, Bjarne Fidjestøl og Otto Hageberg. Orion Debatt. Det Norske Samlaget 1967. Kr. 12,—.

«Orion Debatt» heiter ei undergruppe av den framifrå billigbokserien Orion, som blir gitt ut av Det Norske Samlaget. Hittil har det helst blitt Orion Språkdebatt: dei to første bøkene i serien er «Målreising 1967» og essaysamlinga «Kontur og kontrast».

«Kontur og kontrast» består av «ti essays om språk og kultur», som undertittelen seier. Meininga med boka er å sette språkstoda vår inn i ein større kultursamanheng og påvise dei psykologiske og sosiologiske drivkreftene bak språkstriden.

Med eit slikt siktemål blir sjølve definisjonen av kulturomgrepet fundamental. Mange ser på kulturen som ei sfære for seg sjølv, åtskilt frå meir kvardagslege aktivitetar som arbeidsliv, politikk, sport og annan fritidsutfalding o. l. Kultur, det er musikk, teater, vitskap, bildekunst, litteratur, «noko ein innvigd kjøper billettar til for å bli lyft opp or den daglege øydemarksvandringa til fagre opplevingar av dei evige verdiane,» som Ånund Haga uttrykker det i eitt av dei ti essaya. Og liksom alle aktivitetar som blir vurdert som edlare enn andre, er kulturen blitt eit statussymbol. Det er fint å kjenne klassikarane og kunne diskutere dei med likesinna, det er fint å gå i teater og på konsertar. Såleis har dei klassiske kulturverdiane fått borgarrett i vår tids massekultur-samfunn, og det er vel den direkte årsaka til at dei i dag er meir allment tilgjengelege enn noen gong før. Men samtidig stenger ei slik holdning for ei ekte oppleving av dei åndsverdiane det gjeld/ kulturen blir redusert til ein rein skinnkultur, til noe ein tar på seg når ein skal ut i middagsselskap.

Men kultur er ikkje noe vi **har,** det

Over til side 7

LANDSLAGET FOR SPRÅKLIG SAMLING

Medlemspenger, kr. 10,— pr. år for dem som har eiga inntekt, og kr. 5,— pr. år for andre. Bladpenger kr. 5,— pr. år. Postgiro 16 378.

Formann: Rakel Seweriin, Stortinget, Oslo 1, tlf. 41.38.10
Sekretær: Lars S. Vikør, Postboks 636, Oslo 1
Kasserer: Ivar Hundvin, Postboks 636, Oslo 1. Tlf. 41.77.00

★ INNKOMNE GÅVER

Gåver i tida 23. desember 1967 —mars 1968:

T. Nomeland 25, R. Berli 20, O. Tjørhom 10, Teodor Moen 40, O. Lysberg 20, Åmund Salveson 100, Olav Åse 100, A. Spillbrok 10, J. Fosså 10, Lohne 10, G. Jenshus 15, Liv Myklebost 40, E. Kristvik 10, O. Ytrehus 15, J. Kallset 10, B. Opsahl 10, A. Hellevik 10, F.-E. Vinje 20, E. Sørli 10, N. Væding 10, E-g 40, A. og S. Kolltveit 20, B. Gøystdal 15, C. T. 10, A. E. Oldem 40, Per Mørch 20, O. Langvand 10, K. Aas Holm 20, J. Valved 25, A. og H. Sætra 30, Agathe Anda 15, G. Kvendbø 5, J. Aarvik 10, A. Y. 50, J. T. Greibrokk 50, Aa. Løvland 15.

Livsvarig medlem (100 kroner):
Egil Røssaak.

Landsstyret

i «Språklig Samling» blir innkalla til møte den 23. mai i Oslo.

Til den tid må vi rekne med at meldinga fra kirke- og undervisningsdepartementet om Vogt-komiteens innstilling vil være lagt fram så det kan bli et svært interessant emne å drøfte.



Har De betalt kontingenten for 1968??

★

Vi trenger den for å kunne gi ut blant anna dette bladet.

er noe vi **er.** Alt skapande arbeid er kultur, enten det er å hogge ut ein statue eller dyrke ein åker, skrive romanar eller stortingsproposisjonar. Kultur er heile den livsstilen vi har tileigna oss, gjennom arv frå forfedrane eller gjennom personlig innsats. Vi står alle på eit nasjonalt kulturgrunnlag, enten vi vil eller ikkje; først når vi vedkjenner oss dette grunnlaget, blir medvitne om det, først da kan vi oppnå ein viss fridom overfor den nasjonale kulturarven. Da kan vi kritisk velje ut det vi tykkjer er mest verdt å bygge på for framtida.

Det er ingen motsetnad mellom eit nasjonalt og eit internasjonalt kultursyn. Ein nasjonalkultur er ingen fast, avgrensa einskap; den utviklar seg i eit evig samspel med andre kulturformer. Den som vrakar nasjonale verdiar for å bli verdsborgar, bidrar til å gjøre verda fattigare.

I dette perspektivet må ein og sjå språkspørsmålet. Dei to skriftspråka våre har utvikla seg av kvar sin kulturtradisjon, som begge er like naudsynte delar av det vi kan kalle norsk kultur. I dag er begge desse tradisjonane, og særleg den nynorske, utsett for eit sterkt press frå den såkalla massekulturen. I ein slik situasjon er det viktig å få sikra ein mest mogleg organisk samvokster av tradisjon og nyskapning. Her kviler det eit stort ansvar på oss som arbeider for eit samnorsk skriftspråk.

Eit hovudmotiv i boka er dei ideologiske grunnholdningane i språkstriden. Dette tar Helge Høibraaten opp i essayet «Språkideologiane», der han påviser ei ideologisk kløyving på begge sider av frontlina. På nynorsksida kan vi skilje ut ein «nasjonal» og ein «sosial» ideologi, som **kan** stå i motsetnad til einannan, men ikkje treng det. Motsetnadene har særleg vist seg når det bar mot rettskrivingsbrigde i nynorsken; da har «dei nasjonale» gjerne fylka seg rundt Aasens heilnorske former, mens dei «sosiale» har stødd rettskrivingsombøtene av omsyn til fleirtalstalemålet. Om det **eigentleg** er mindre nasjonalt enn det reine Aasenske målstrev, kan vel diskuterast.

I riksmålsflokken finn vi ei ideologisk kløyving som på sett og vis kan seiast å vere parallell. På den eine sida har vi førestellingane om den språklege eliten («de som **kan** skrive»), som skal tene som normerende instans for resten av nasjonen. På den andre sida har vi dei som hyller gallup-demokratiet, og hevdar at dei representerer folkefleirtalet.

Ein dominerande motsetnad mellom «elite-ideologane» på riksmålssida og «dei sosiale» i nynorsk- og samnorskflokken er sjølve grunnsynet på språkutviklinga. «Elite-ideologane» har ein tendens til å sjå på språket som eit sjølvstendig fenomen som lever sitt eige liv, «dei sosiale» oppfattar det som ein praktisk reiskap i samfunnslivet, for å uttrykke det stutt og skjematisk. Høibraaten meiner at «elite-ideologane» har «gripe fatt i noko særs viktig når dei ser på språket som eit strukturerande element for indre oppleving». Det er nok rett; språket er ikkje berre eit «praktisk bruksinstrument i dagleglivet». Men for den som normerer den offisielle rettskrivinga i eit dialektkløyvd språk, kan ikkje denne synsmåten vere avgjørande. For han er det i praksis uråd å ta omsyn til dei meir intime sidene ved språket. Det kan berre gjerast ved å arbeide for størst mogleg allmenn fridom i bruken av talemålet. Og da er elite-ideologien ikkje berre utilstrekkeleg, men direkte reaksjonær.

Som rimeleg er, blir også fridomsomgrepet drøfta i boka, først og fremst av Gunnar Skirbekk. Den klassiske liberalistiske definisjonen på eit fritt samfunn er: eit samfunn der alle drivkrefter får utfalde seg fritt utan påverknad utanfrå. Ein gong var dette stridsfana i ein demokratisk kamp mot eit brutalt adelsvelde, idag er det eit stivna slagord for bakstrevarar. For i mellomtida har vi sett det omsynslause kapitalistiske konkurransesamfunnet, der den liberalistiske fridommen tydde fridom for dei sterke og hardkokte. Dei fleste er i dag samde om at ei forholdsvis sterk statsmakt under demokratisk kontroll er naudsynt for å sikre ein reell fridom.

Men det er overraskande mange som enno ikkje har dradd dei språkpolitiske konsekvensane av dette synet. Framleis blir den «fri sprogutvikling» sett opp mot «statens sprogtvang». Her har vi kanskje eit resultat av synet på språket som eit autonomt fenomen, uavhengig av samfunnstilhøve og samfunnsprosessane ellers. Skirbekk syner at ein kan skilje mellom to slags tvang: den opne, som alle merkar, og den løynde. Den siste typen merkast ikkje så lett fordi folk av ein eller annan grunn aksepterer den som «naturleg». Offentlege påbod frå statsmakta definerer den klassiske liberalismen som «tvang». Men dei meir anonyme sosiologiske og økonomiske kreftene blir definert som «naturleg utvikling», og fordi denne tenkemåten er gått dei fleste i blodet, opplever ikkje folk desse kreftene som «tvangsmakter» på same måten. «Vi er medvitne om at staten tar inn skatt. Dette opplever vi som tvang. — — Derimot er vi ikkje medvitne om korleis arbeidsforhold og reklame skaper ideala og verdiane våre. Derfor opplever vi ikkje dette som tvang».

Dette tilhøvet er svært viktig å bli klar over for den som vil forstå dei røynlege motsetnadene i den norske språkstriden. Skirbekk uttrykker det slik:

«I språkleg samanheng møter vi dette skiljet f. eks. bak det synet at Stortinget representerer «tvangen» i språk-politikken. Vi er nemleg medvitne om det

Stortinget gjør. Derfor **kan** dette bli forstått som tvang. Dessuten er det definert for oss som noe negativt. Altså blir det forstått som tvang. At ei lita gruppe aktivistar ved privat innsats og privat kapital skaffar seg ein politisk maktposisjon og at dei så krev rett til å bestemme skriftspråket for alle i dette land som ikkje brukar nynorsk — f. eks. for Hedmarksbønder og arbeidarar i Nordland — det er vi derimot ikkje medvitne om på denne måten. Her er vi ikkje medvitne om samanhengen. Derfor forstår vi heller ikkje dette som tvang. Det liksom berre «vart slik», og så «er det slik».»

Denne medvettsløysa om dei anonyme tvangsmaktene er og ei av årsakene til at det såkalla «herre/knekt»-spelet har kunna drivast her i landet. Det går ut på at ei gruppe p.g.a. økonomisk og sosial overmakt definerer seg sjølv som «herrar» over ei anna gruppe, «knektane», og at «knektane» aksepterer dette. Uttrykka «herre» og «knekt» må ikkje takast altfor bokstaveleg; det treng ikkje å ligge meir i dei enn ein forholdsvis mild sosial nivåskilnad i eit demokrati som t. d. det norske, men det kan og brukast i eit gjennomført diskrimineringssamfunn som det sørafrikanske.

«I språkleg samanheng tyder dette herre/knekt-forholdet at «herren» umiddelbart oppfattar det som naturleg og riktig og han smiler nedlatande til «knekten» når «knekten» på ein restaurant ber om «mjølk — jamvel om «knekten» har tre doktorgradar og talar flytande gresk, og «herren» ikkje ein gong meistrar sitt eige «sprog».» (G. Skirbekk).

Eit utslag av dette herre/knekt-spelet er det når riksmålsfolk stadig krev retten til å bestemme kor nynorsken hører heime: nynorsken skal brukast i vakker naturlyrikk og sagaomsettingar, men ikkje i filmar frå engelsk overklassemiljø — eller i tekstinga til ein tale av sambandskanslar Kiesinger. Morgenbladet veit så inderleg vel korleis målfolka gagnar nynorsken best: dei skal ikkje tvihalde på sidemålsstilen og kravet om språkleg rettferd i NRK, det kan gjøre Vinje, Garborg og Aukrust upopulære i folket, og det tykkjer Morgenbladet ville vere synd. — Vi kjenner vel alle det tradisjonelle bildet av den sta og umoglege vestlendingen som er målmann, fråhaldsmann, indremisjonsmann og «vinstremann». Denne etiketten er for ein stor del klistra på oss av «herskargruppa» og har skadd målrørsla svært, ikkje minst ved at mange målfolk har godtatt denne definisjonen. (Eg tenker ikkje da på at dei sjølv går inn for dei ymse sakene; det har dei full rett til, men ikkje til å binde målrørsla i eit slags ekteskap med saker som i røynda ikkje har så mye med målsak å gjøre).

Dette var berre noen smakebitar på dei emna «Kontur og kontrast» tar opp. Andre emne er den historiske bakgrunnen for dagens språkstrid, diktaren og språket, målsyn og kvinnesyn, språk og psykologi. Boka bør lesast av alle som vil ha eit vidare utsyn over det norske språkproblemet enn dei vanlege propagandaskriftene kan gi.

———

NYTT OM SPRÅK-STRID

AV LEKTOR TORKEL MAGNUSDAL

I Dagbladet 7/12-67 anmelder Carl Hambro Dag Gundersens bok i Universitetsforlagets billigbokserie «Fra Wergeland til Vogtkomiteen». I Dagbl. 12/12-67 imøtegår Jakob Skauge Carl Hambro. Men der er noe Skauge ikke nevner i sitt innlegg, og da dette kan være av ganske vesentlig betydning, vil jeg komme litt inn på det.

Carl Hambro skriver i sin anmeldelse at forleggerne ikke driver språkpolitikk. De bekymrer seg ikke over mangel på norm eller over den eine eller den andre språkform. Det forleggerne er bekymra over, er at deres bøker blei nekta innført i skolen p. gr. a. kriterier som forleggerne ikke kjente til. De ba departementet si fra hva som ville bli nekta innført i skolen, slik at de kunne sleppe å gi ut skolebøker forgjeves. «*Det er noe ganske annet enn å blande seg opp i språkpolitikk*» (Uthevd her).

Dette siste tillater jeg meg å sette et lite spørsmålstegn ved. Og det ut fra en del opplysninger jeg har fått fra Gyldendal. Forhistoria er et innlegg i Morgenbladet 25/4-67 der det klages harmdirrende over at Gyldendal har oversatt Johan Bojers «Den siste viking» til samnorsk i den radikaleste form. FY GYLDENDAL, med to utropstegn. «Dere skulle ha brent boka, og ikke lurt den ut i et bokskred».

Da vi i skolen leser «Den siste viking» med stadig nye elevkull, og vi ofte kommer inn på Bojers språk, skreiv jeg like godt til Gyldendal for å få greie på åssen dette hang sammen. Og Gyldendal svarte i et hyggelig brev at forlaget hadde mange samtaler

VEGEN FRAM TIL ETT NORSK

(Lektor Trygve Bull, som ikke alltid viser så stor forståelse for Språklig Samling, har skrevet denne anmeldelsen i «Arbeiderbladet» av Språklig Samlings siste skrift i «Småskriftserien», Lars Vikørs «Vegen fram til ett norsk.»)

De som har arbeidet for at våre to offisielle målformer om ikke altfor lenge skal smelte sammen til én, har hittil vært tilbakeholdende med å uttale seg om hvordan en slik framtidig «samnorsk» bør se ut i detaljer.

Dette er rimelig nok. For å spå om hvordan et kulturspråk vil utvikle seg — selv under forutsetning av en bevisst språkrøkt — er vel like så dristig som å forutse den historiske utvikling på andre områder. Og det vet vi av bitter erfaring ikke er lett.

På den andre siden: dess hurtigere man mener at en bevisst språkregulering med Bojer angående rettskrivningen og forsøkte ofte å få ham til å benytte noe mer moderate former. Noen ganger gikk han med på det, men som oftest holdt han fast ved de radikale former, som han mente harmonerte bedre med stoffet, men i de fleste tilfeller forlangte Bojer å beholde disse formene.

Her melder spørsmålet seg: Hvorfor forsøkte forlaget å påvirke Johan Bojer til å benytte mer moderate former? Var det fordi disse formene «selger» bedre enn de radikale formene? Viss det er så, kommer det et nytt og meget vesentlig moment inn i språkstriden. Og et nytt spørsmål melder seg: Kan en stole på at språket i ei skjønnlitterær bok er forfatterens egen? Ei utgreiing om dette vil ha stor betydning, for litteraturanmeldere, lærebokforfattere, og ikke minst for språkforskere.

I språkstriden refereres der ofte til det skrevne ord, og der er en tendens til å gjøre det til norm for det talte. Men det må være klart at viss en forfatter ikke står språklig fritt, har språket i bøkene hans ingen normativ verdi. Og forlaga gjør i tilfelle Wergelands ord om at «— Folkets bedre Forfattere Alfolket til Bisidere skulle dømme» (i språkutviklinga) ganske illusoriske. For hvor mange forfattere, og ikke minst debutanter, er der som har råd til å sette seg imot et forlags språkønsker?

Og enda snakkes der fra bestemt hold så vakkert om «Fri sprogutvikling».

ende politikk virkelig kan føre til en sammensmeltning dess mer beredt bør man være på konkret å gjøre greie for hvilket resultat man i hovedsaken ønsker å nå fram til.

«Landslaget for språklig samling» har for en tid siden (1966) latt utarbeide et «Framlegg til samlenormal», og en av dem som var med om arbeidet Lars S. Vikør, har nå sendt ut en brosjyre om samnorskproblemet som er skrevet på denne normal — så vidt jeg kan se i dens mest «boksmåls»-lignende variant. (Også i samlenormalen er der nemlig ikke så få «jamstilte» former.) I det store og hele faller språkformen i Vikørs brosjyre sammen med det som offisielt heter «bokmål med radikale former» (maksimumsformer), og det vil igjen si nettopp det som de konservative riksmålsfolk (med et nedsettende tonefall) alltid systematisk har kalt samnorsk. Den eneste forskjell jeg kan se, er at det brukes former som (han har) **funne, dreve, komme** (en enkelt gang **kommi)** for **funnet** osv. og at det skrives **sjå** for se, to endringer som delvis gir språkformen et mer enhetlig preg: **Sjå** høver godt med **vatn** og **botn** — skjønt kanskje mindre bra med **kommer** og **farer.** (Samlenormalen tillater også **kjem** og **fer.**)

Det er ikke innholdet i brosjyren som etter min mening interesserer mest: argumentasjonen til fordel for at «3. alternativ» er den samme som særlig hadde vind i seilene i 30-årene, og som vil være kjent for de fleste: skriftmålet må bygge på «fleirtallsformene» i dialektene. Men forsøket på å skrive resonnerende prosa på en språkform som hittil for det meste bare har vært brukt i barnebøker og folkelivsskildringer, har krav på interesse. Eksperimentet har rent språklig falt ganske heldig ut. Hadde vi for første gang skullet bygge opp et norsk skriftspråk i dag, ville denne normen antakelig høve bedre for de fleste av oss enn noen av de to gjeldende.

Noen stor artist er forfatteren ikke. Han bruker f. eks. en del stive ordelag som ikke høver særlig bra til det «radikale» formverk, («litt på siden **av det en tidligere har lært**» istf. **«av det en har lært før», «seinere** kom nasjonale hensyn til å spille større rolle» istf. **«siden» («sia»), «vi skal sjå hvordan dansk-norsken hadde utvikla seg i mellomtida»** istf. **«åssen»** el. **«korleis».**

Men leser en teksten uten å tenke på gamle skriftvaner, tror jeg en må vedgå at den i det store og hele har en språkform som svært mange nordmenn **på én vis** også i dag vil føle noe

Over til side 10

mer hjemlig ved enn ved noen av de to nedarvede.

Hvorfor bare «på én vis»?

Jeg tror svaret er det, at våre to tradisjonelle målformer — enda ingen av dem rent teoretisk samsvarer fullkomment med det som har flertall i dialektene — hver for seg, i kraft av sin litterære tradisjon og av sin levende, daglige bruk — er blitt oss kjære, og kjennes som våre: nynorsken særlig for fjord- og fjellbefolkningen, riksmålet for østlendinger og byfolk, begge kanskje for mange trøndere og nordlendinger — og sørlendinger. Jeg tror våre samnorsk-radikalere ikke riktig vil se hvor mange mennesker som i vår tid og i vårt samfunn har gjort skriftnormalene (og i stor utstrekning også de normaltalemål som er knyttet til dem) til en levende del av seg selv, enda vi jo alle, **i mange situasjoner** syns vi får gitt det ekteste uttrykk for vår personlighet når vi kan falle tilbake på vårt aller innerste morsmål: den stedlige dialekt hver enkelt av oss er oppvokst med. Her som i alle andre land.

Jeg tror nynorsken var **liv laga** fordi det gamle skriftspråk, i alle fall i forrige hundreår, lå for langt vekke, særlig fra vestlendingenes talespråk, for dem var en «ny start» den gangen noe av en åndelig og sosial nødvendighet. Jeg tviler på om særlig mange jevne mennesker i dag føler et tilsvarende behov for en 3. språkform — etter at de to gamle begge har nærmet seg så mye til vanlig norsk uttale. Og hvis det ikke er særlig mange mennesker som føler behovet for en slik «revolusjon nr. 2» vil den heller ikke komme, men forbli et tankeeksperiment for filologer (jeg sier filologer, ikke språkvitenskapsmenn).

— — —

Våre to nedarvede språkformer vil sikkert fortsette å påvirke hverandre — men først og fremst når det gjelder **ord** og **uttrykk.** Når det gjelder selve **språknormen,** ordenes form og særlig deres bøyningsmåte, er det derimot mindre sannsynlig, fordi **riksmålet** nesten på alle punkter har en grammatikk som er enklere enn både nynorskens og «samnorskens», og dertil er naturlig talemål for stadig flere mennesker i de store befolkningssentra. Og **nynorsken** kan på sin side vanskelig gå over til riksmålets (eller for den saks skyld «samnorskens») grammatiske system uten å miste sin kanskje viktigste særegenhet, «dei fulltonande endingsvokalane», og uten at vestlendingene ville måtte synes de måtte oppgi det innerste og mest livgivende i sin egen språkform.

